



Dato: 09.04.24

Arkiv:

Vår ref (saksnr.):

Journalpostid.:

Dykkar ref.:

Referat frå møte i SU/SMU 09.04.2024

Møtt: Øyvind Søyland (forelder), Nils Martin Sikveland (Time kommune), Aud Jane Egge og Anne Haaland(tilsette), Synne Haugen og Sondre Skårland (elevar), Gerd Rusdal (Time kommune)
Fråfall: Grete Gerritsen (forelder)

Sak 1. Godkjenning av referat og møteinnkalling.

Ingen merknader

Sak 2 Brukarundersøking

Foreldreundersøkinga haust 23: Indikator for informasjon har gått ned frå førre år. SU trur dette handlar om foreldre som ønsker meir info rundt sjukemeldingar og korleis skulen vil løyse dette. Dei ønskjer og info dersom utviklingssamtaler uteblir. Alle indekser går ned frå førre år. Truleg samanheng med den krevjande personalsituasjonen skulen har stått i. SU anbefaler at skulen har fokus på å gje god informasjon ut.

Elevundersøkinga haust 23: Elevmedverknad på 7. trinn har gått opp. Låg mobbeprosent. Svara frå Undheim skule ligg nokolunde på landssnitt. Trivsel er høg. Motivasjon er låg slik den er det i heile landet. Elevrepresentantane trur at meir belønning kan skape meir motivasjon. SU trur at meir praktisk skule kan skape meir motivasjon.

Sak 3 Økonomi/rammevilkår – skuleåret 24/25 – skule/SFO

Stramme vilkår i heile timeskulen. Undheim har fått tildelt litt ekstra(småskuletillegg). Ein går likevel med raude tal. Rektor trur ikkje ho klarer å snu dette innan kort tid, men meir på sikt. Elevane ønskjer seg meir pengar til oppussing av skulen.

Sak 4 Tilsettingar

Me treng ein del nye lærarar. Utlysing ute no. Bra med søkere til no.

Sak 5 Eventuelt

- Om resultatata på nasjonale prøver. Kva skal til for å få opp resultatata. Rektor si meining ut frå erfaring frå førre skule, er at det trengs engasjerte lærarar, engasjerte elevar og ikkje minst foreldre med forventningar til eleven. Foreldre som samarbeider godt og heier opp både lærarar og elevar, samt har tillit til dei, har mykje å seie.
- Generelle frustrasjonar om skyss.

Refr Gerd Rusdal

